

GOD PÅSKE 2018



Påska handlar om Guds store kjærleik til oss menneskebarn, den kjærleiken som motiverte han til å ofra Sonen sin, den einborne, for at me, ved å tru på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.

Det går ein blodraud trå gjennom heile Bibelen. I Det gamle testamentet les me om tallause dyreoffer som israelittane måtte bera fram i templet i Jerusalem for å kunna bli tilgjevne av Gud.

I Det nye testamentet vert perspektivet kraftig utvida. Guds plan var nemleg å kunna tilby tilgjeving til *alle menneske gjennom alle tider*, altså til deg og meg, og skulle DET kunna skje, heldt det ikkje med dyreoffer, *han måtte ofra seg sjølv*. Det var det som hende

under påskehøgtida i år 33 då Jesus Kristus, gav livet sitt for oss på ein kross, og det er DETTE kristne har feira kvar påske sidan, og 2018 er ikkje noko unnatak i så måte.

ÅRETS PÅSKEPROGRAM I KRISTKYRKJA

SKJÆRTORS DAG KI 17.00: Møte saman med Den Frie Evangeliske Forsamling i Hystadvegen 33. Der vil pastor Jens Thoresen tala om då Jesus vaska læresveinane sine føter. Nattverd.

LANGFREDAG KI 11. GUDSTENESTE i Bjellandsvegen 51. Tema: «Guds skandaløse kjærleik»


**1.PÅSKEDAG KI 10.30:
PÅSKEFRUKOST**

KI 12.00: GUDSTENESTE KI 12. Då er det Ingvild Nordfonn som skal tala.

God påske 2018

EIN LEVANDE FRELSAR!

Påska er meir enn offer. Ho handlar om SIGER. Hadde Jesus blitt verande i grava, hadde alt ingeting forandra seg. Ingen menneske kunne då bli frelst. Ein død frelsar er ingen frelsar. Då hadde me alle framleis vore i våre synder, skriv apostelen Paulus.



Men den tredje dagen stod Jesus opp frå dei døde, og fordi han gjorde DET, kan han gje evig liv til alle som ber han om det, og som lukkar han inn i liva sine.

Apostelen Johannes skriv: «Den som har Sonen, har livet, men den som ikkje har Sonen, har ikkje livet.»

Kristendom handlar om TRU og RELASJON.

Tru er tillit. Dersom du ikkje har tillit til ein person, har du og denne personen ingen relasjon.

Dersom du ikkje trur på Jesus, har du ingen relasjon med han, og står du utanfor fellesskapet med han, er himmelen også stengt for deg, for alt der handlar om Jesus.

Det er DU som har ballen.

Vår tilråding er klår: Velg Jesus. Overgje deg til han, og det evige livet han vann påskemorgon vil strøyma inn i deg og bli ditt.

«Han gjorde berre jobben sin!»

Av pastor Jens Thoresen

Ved inngangen til påskeveka synte den franske politimannen Arnauld Beltrame kva denne høgtida i røynda handlar om. Under eit gisseldrama i byen Trèbes i Sør-Frankrike ofra han sitt eige liv for å berga eit gissel.

Terroristen heldt ei kvinne som han levande skjold mot politiet. Beltrande føreslo å byta plass med kvinna, noko som terroristen aksepterte, og denne handlinga kosta politimannen livet.

Beltrande døydde for eit medmenneske. Han ville nok ha sagt, sa mora i ettertid, at han berre gjorde jobben sin. Frankrike har med dette mista ein politimann med eit mot og ein karakter som overgår det dei fleste av oss kan stabla på beina.

Samstundes syner han oss Kristus. Beltrande døydde for eitt enkelt menneske. Han er ein helt. Jesus Kristus, Guds Son, ofra livet sitt for oss **alle**. Det var ingen som drap Jesus. Ingen kunne det. Han VILLE døy. Jesus GAV livet sitt frivillig, og då han hadde stått ut mange timar med botnlaus liding for vår skuld, sa han: **Det er**



fullført! Jesus var mannen som gjorde jobben sin!

Han bytta plass med **oss**, og tok på seg **vår** dødsstraff, slik at **me** no kan få samfunn med Gud heilt gratis . Lat oss nytta dette gylne høve til å ta imot evig frelse, og hylla og takka Jesus for dette.

I dag vert Arnauld Beltrande hylla over heile verda for sitt heltemot og sin offervilje.

Tru meg, ven, Jesus fortener det enno meir.

[Skriv her]



Er Gud på veg ut?

Kommentar av pastor Jens Thoresen

Nyleg kom det ei undersøking som syner at kun 34% av alle som bur i Noreg trur på Gud. 46% trur ikkje på Gud. I 2013 var tala 50-50

Gudstrua er altså på retur i Noreg.

Men er dermed Gud på retur?

Sjølvsagt (og heldigvis) ikkje. Guds eksistens er ikkje avhengig av om folk trur på han eller ikkje. Dersom han finst, kan ikkje vantrua fjerna han. Dersom han IKKJE finst, kan ikkje trua mana han fram.

Me som kjenner Gud, veit at han lever i beste velgåande, og at alt anna som lever har sitt opphav i Han.

I Bibelen les me at «ved tru forstår me at verda er blitt til ved Guds ord, at det synlege er blitt til av det usynlege».

Det underlege er at sjølv vitenskapen kan stadfesta dette. Før Big Bang, var det i følge denne teorien (som er rådande i dag) rett og slett INGENTING. Ikkje rom, ikkje tid ei heller materie.

Og av ingenting kjem det som kjent ingenting. Det faktum at rom, tid og materie eksisterer i dag, beviser Gud, skaparen, han som openberrar seg for oss som vår gode Far.

Når det er så mange som finn grunn til IKKJE å tru på Gud, kjem det av at den kristne kyrkja i Noreg er lite ute blant vanlege folk for å presentera han.

I Bibelen står det at trua kjem av forkynninga av Guds ord. Der Jesus Kristus ikkje blir forkynt, blir han heller ikkje trudd.

Trua er ikkje ein intellektuell prestasjon, men ei gåve som Gud gjev til dei som let seg påverka av Bibelen.

Ateismen er ikkje av ny dato. Til alle tider har det vore menneske som ikkje har trudd på Gud. Bibelen kallar det dårskap. For Gud er sjølvinnlysande. At

Eit godt råd til deg som skulle ønskja at Gud finst, men som ikkje får til å tru på han: Skaff deg ein Bibel og begynn og les Lukasevangeliet i Det nye testamentet. Når du er ferdig med det, tek du for deg Apostelgjerningane. Det vil hjelpa deg

Du er også velkomen til å ta kontakt med oss i Kristkyrkja på Stord. Me vil gjerne hjelpa deg å finna Gud, din skapar og Far.



«Guds auge» er restane av ei sprengt kjempestjerne

God påske 2018



Bjellandsvegen 51. Tlf. 47415864. Mail: pastor@kristkyrkja.no.
www.kristkyrkja.no. Me er også å finna på Facebook.